



NVE, Konsesjonsavdeling
PB 5091 Majorstuen
0301 Oslo
nve@nve.no, eibj@nve.no, csj@nve.no, rfl@nve.no

Dykkar ref.:
Vår ref.: 1566031 / 1
Sakshandsamar: Ragna F. Haugland

21.12.2020

SØKNAD OM Å FRÅVIKE MANØVRERINGSREGLEMENT

SFE Produksjon AS søker om å fråvike LRV i Nedre Sødalsvatnet, Bremanger kommune, Vestland fylke **f.o.m. 20.01.2020 t.o.m. 31.03.2020**. Nedre Sødalsvatnet er inntaksmagasin til kraftverket Åskåra 2 i Vestre Åskåra-vassdraget, jfr. kgl. Res. 12.08.1966 om Tillatels for Sogn og Fjordane Fylke til å foreta reguleringer og overføringer i Åskåravassdragene m.v, samt Vassdragsavdelinga i NVE sitt vedtak om tidsforlenging og planbrigde datert 01.08.1973 med justert manøvreringsreglement for Nedre Sødalsvatn.

Bakgrunn for søknad om fråvik

Etter revurdering av dam Nedre Sødalsvatnet i 2018 har vi eit avvik knytt til manøvrering av botntappeluka i dammen. Luka har ikkje vore manøvrert på mange år og det er usikkerheit rundt funksjonen på luka. Det er derfor sett i gang eit rehabiliteringsprosjekt av luka der ein skal fornye lukeopptrekk og rehabilitere luke med pakningar og føringar. Det er planlagt gjennomført i perioden 25.01.2021. tom 10.03.2021. Vi søker om fråvik for ein forlenga periode (sjå fyrste setning) for å ha ein buffer i begge ender.

Nødvendig tiltak for å rehabilitere luka er å opne luka heilt opp og la vatnet renne fritt gjennom luka. Vi ser ikkje andre alternativ til å få utført dette arbeidet på ein sikker måte, utan å måtte senke magasinet under LRV.

HRV på dammen (jfr byggteikning) er på kote 545,0 etter konsesjonsgitt høgde som tilsvarar kote 544,72 i NN2000 (diff. -28 cm). I perioden luka er under rehabilitering vil vasstanden i vatnet ligge på same høgde som luketerskel; kt 512,75 (konsesjonsgitt høgde), som tilsvarar kote 512,47 i NN2000. Konsesjonsgitt LRV er kote 518,60, som tilsvarar kote 518,32 i NN2000.

Vatnet deler seg pga ein fjellrygg ved om lag kt. 523 slik at den sydvestlege delen av magasinet vil ligge att på eit høgare nivå enn den nordaustlege delen. Altså vil berre deler, anslagsvis 20 %, av magasinet kome ned under LRV og ned mot terskelnivået til botntappeluka på kt.512,75. Fram mot rehab-perioden køyrer ein aggregata i kraftstasjonen for å redusere vassnivået i dammen. Resterande må tappast ut gjennom luke, i det gamle elveløpet mot nord, til sjø.

Vurdering av moglege effektar av fråvik

Ifm inspeksjon med undervassdrone i planlegginga av jobben var det lite lausmassar å sjå i vatnet i området ved inntak og luke. Vi trur det er liten risiko for at det vert ført ut store mengder lausmassar som kan «tilslamme» elveløpet nedom dammen og vidare ned mot sjøen. Ein vil forsøke å gjere ei roleg nedtapping med aggergat og med luka.

Magasinet vert historisk senka jamt utover vinteren i takt med produksjonen. Ein slik reduksjon i vasstand er «normalen» for fisk og vasslevande organismar, men magasinet har ikkje vore tappa så langt ned som no planlagd, på mange år. Det er kunn ein potensiell gytebekk i innløpet til magasinet, men her fann ein ikkje fisk ved prøvefiske i 2019. Truleg skjer det rekruttering i tunnel frå Øvre Sjørdalsvatnet. Bestanden har ei snittvekt på 142 g, k-faktor 0,83 (lav), vekststagnasjon ved 25 cm, innvollsparasittar i 78 % av 106 fanga aurar, og ei berekna høg biomasse, som såleis indikerer at vatnet tett befolka i forhold til næringstilgangen (Hellen m.fl. 2020). Botndyrsfaunaen er reguleringstolerant, og då nedtapping skjer i ein perioden når fisken er lite i bevegelse, vil nok dei aller fleste «bli med vatnet ned», halde seg i ro og såleis bli lite påverka av nedtappinga. SFE si vurdering er at ei noko nedtapping enn normalt ikkje vil ha stor negativt betyding for bestanden, men og at litt potensiell «uttynning» heller ikkje er negativt i dette tilfellet. Nedtapping vil heller ikkje få nemneverdige konsekvensar for andre interessar perioden, som t.d. ålmenta, kulturminne, friluftsliv/fiske, jord/skogbruk m.m.

Venleg helsing

SFE Produksjon AS

Ragna Flatla Haugland / Fagleiar miljø
Sign.

Per Inge Verlo / Prosjektleder
Sign.